

VELKOMNE TIL ÅRSMØTE

2022

ÅRSMELDING FOR VJFL



Årsmøte Voss Jeger- og Fiskarlag 2022.

Årsmøte vert halde hjå Voss Bowling den 17. mars, kl. 18:00

Saksliste:

1. Val av ordstyrar og referent.
2. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen.
3. Godkjenning av innkalling til årsmøte.
(Hordaland torsdag 16.feb., Portalen til NJFF/VJFL, FB)
4. Årsmelding frå siste arbeidsår.
5. Rekneskapet for siste arbeidsåret.
6. Val.
7. Nye vedtekter frå NJFF, samt lokal lag.
8. Medlemskontingent
9. Inkomne framlegg/saker.
10. Årsmøte avslutta.

Styret har i 2022 bestått av:

Leiar:	Jan Chr. Jersin
Nestleiar:	Geir Johansen
Kasserar:	Odd Henry Hommedal
Studieleiar:	Cato Vivås
Styreleiar:	Robert Veseth
Leiar jaktutvalet:	Håvard Lien
Leiar fiskeutvalet:	Geir Johansen
Leiar skytebane:	Jan Chr. Jersin
Leiar barne- og ungdomsutvalet:	Ronnie Leeninga
Kvinnekontakt:	Turid Soldal
Skrivar:	Bente Fenne

Styret har vært samla til 4 styremøter i 2022. Men det har også vært mykje dialog som går via e-post og telefon. VJFL har no fått 2 nye æresmedlemer: Ole Kristian Skorve og Odd Henry Hommedal, for lang og tru teneste i laget, med styreverv og arbeid i utval. Totalt har laget 3 æresmedlemer. Den trede er Birger Berge, tidligare formann i laget frå 1978-1981.



I slutten av mai la laget inn eit bod på eit rypeterreng i Lærdal, Horge Gard. 12000 dekar på åremålsleige med 4 våpen, og hytte ved eit fiskevatn. Bodrunden føregjekk på Inatur. P.g.a. bodfristar og bodauking gjekk me glipp av dette.

Laget har søkt om gåve til prosjekt kjølerom/container, og fekk tildelt 50 000 kr frå Sparebankstiftinga Hardanger. Tusen takk 😊

Laget har no 387 aktive medlemmer, og 1,3K følgjarar på Facebook. Me har mista 55 medlemmer i laget, og auka med 200 følgjarar på FB. Kan hende at dette har noko med standpunktet til NJFF med utskyting av villreinstamma på Hardangervidda.

<https://www.njff.no/njff-organisasjonen/njff-mener/villrein>

På grunn av dette trakk nestleiar seg frå vervet sitt i VJFL, den 4. desember 2022.

Leiar stilte spørsmål til NJFF Hordaland angående vern av sårbar natur, og utbygging av vindmølleparkar i fjellheimen?

Svar: NJFF nasjonalt og NJFF Hordaland regionalt, jobbar aktivt for vern av sårbar natur og mot utbygging av vindmølleparkar. Spesielt området i avisutklippene (ref.Hordaland 23.02.2023) har mye fokus i senere tid. I denne saken samarbeider vi med flere andre organisasjoner gjennom Forum for Natur og Friluftsliv for å få enda større tyngde på våre uttalelser. For dette området i Stølsheimen og Matrefjella har vi blant annet dokumentert utbredelsen av truede og sårbare arter: <https://fnf-nett.no/hordaland/fagrappporter-fra-naturkartlegging-i-stolsheimen-og-matrefjella/>

Me hadde eit slaktekurs i haust, slik at nye jegerar var litt meir førebudd til storviltjakta. Det var mange som stilte opp for å få meir påfyll av kunnskap her.



Saker styret har jobba med:

- *Oppdatert heimesida vår på den nye portalen til NJFF. Her har me endå meir å gjera.
- *Ny mal for vedtekter frå NJFF sentralt.
- *Planarbeid i Voss Herad.
- *Forbedra kortsal og organisering av rypejakt i Holmen. (Sak frå 2021)
- *Forbedra opplæringsjakt på hjort på Mykkeltveit.
- *Slaktekurs.
- *Div. statuttar for VJFL. (Ymse 2021)
- *Arbeid med anskaffelse av jakt- og fisketerreng i Lærdal.

Årsmelding hundegruppa 2022

Den heilt store aktivitetsplanen i regi av gruppa, har det gjerne ikkje vore dette året, men det er mange av medlemmane som har gjort seg bemerkta med sine hunder både på jaktprøver og utstillinger. Gratulerer til alle, ingen nemnt ingen glemt...

Det har vorte gjennomført 5 kurs aversjon hund/sau dette året, i tillegg til nokre «strøkurs». Det er ikring 30 hundar som har vært innom. Kursa er gjennomført hjå saueigar Elin D Veseth og Sjur Herre. Takk til dei. For å få flest mogleg med på kursa vart det annonsert i lokalavisa, voss jf nettsider og facebook. U.t tok kontakt på mail med hundeklubben på Voss, der en ønska at dei formiddla til sine medlemmer at dette var eit tilbod hjå Voss jf. Dette var ikkje vedkommande som vart kontakta noko interessert i å vidareformidle.

Dressurbandet som er vorte brukt til desse kursa, viste seg å ikkje kunne vera å stole på, og det vart sendt ein forspørsel til styret om å handla inn nytt slikt band. Det vart godkjent og gjennomført.

Jakta på Holmen. Rapportar frå jegerane fortel at dei såg litt ryper. Noko enkeltfugl og 2-3 kull. Det er rapportert å vera felt 6 ryper.

For hundeutvalget

Elin Dugstad Veseth

Hjortejakt på Mykkeltveit 2022

Det har også dette året vert opplæringsjakt i terrenget på Mykkeltveit. Tilbodet blei annonsert via jegerprøvekursa, gjennom vår nettside og FB. Det var fire deltakara som meldte si interesse. Desse blei i august tatt med på ein tur ut i terrenget, målet var å bli kjent og få prata om korleis jakta kunne ta form. Kvar postar kunne bli plassert ut, grenser for terrenget og andre praktiske spørsmål. Undervegs i opplæringsjakta meldte 2 av jegerane seg av grunna ulike årsaker, slik at me då stod igjen med 2 jegerar som deltok i opplæringa. Dei to som deltok i jakta fekk delta på fleire økter i skogen. Dette resulterte i at dei fekk vera med på felling av hjort, slakting og partering av dyret.

Med oss til å gjennomføra opplæringsjakta hadde me : Jan Christian Jersin, Jan Michael Rolland, Jan Egil Brunborg, Nils Hirth, James Orford, Morten Hårklau og Håvard Lien.

Tusen takk for dekans bidrag, utan denne hjelpa... ingen opplæringsjakt.



Jakttid

3.september til 23. desember, utvida 1.januar til 31.januar

Tildelt dyr

Mykkeltveit jaktfelt hadde hausten 2022 rett til å fella:

1 bukk, 1 kolle, 1 spissbukk, 3 ungdyr, og kalv fri avskyting.

Organisering av jakt

Det blei satt opp samjakt kvar helg i perioden 3 sep. til 25 sep. der me hadde opplæringsjakt, og alle deltok etter avtalt opplegg. Terrenget fekk «kvila» i vekedagane. Instruktørar betalte når dei blei tildelt kjøtt.

Etter 25. sep. kunne ein jakta sjølvstendig alle dagar, samt fleire jegerar kunne melde si interesse. Nye jegerar betalte før jaktstart, her var det ein jeger som meldte si interesse.

Etter 1. des. opna jakta opp for fleire jegerar viss det gjenstod dyr. I år var det dyr igjen på kvoten. Dette for å sikre at kvote blei fullt. Her var det ingen som nytta seg av dette tilbodet.

Fordeling kjøtt

Det blei skutt totalt, 2 kalvar, 2 koller, 1 spissbukk

Grunneigar fekk eit dyr som betaling. Dette var det fyrste dyret som blei skutt

Ved felling av dyr fekk skyttar eit halvt dyr. Andre halvdel blei trekt mellom jegerar som er på opplæringsjakt, når desse hadde fått kjøtt blir det trekt mellom øvrige jegerar som ikkje har fått kjøtt.

Kvar jeger fekk maks eit ½ dyr og pris per halve dyr var kr 2000,-

Årsmelding fiskeutvalget 2022

Me hadde som vanleg planlagt Vossameisterskapen i isfiske, men den milde vinteren gjorde til att dette ikkje vart noko av, sikkerheita må komma først.

Me prøvde og få til et grunnkurs i haspel/spinnfiske for foreldre/besteforeldre som vil være med ungane på fiske. Er nok mange som hadde hatt behov for en innføring i utstyr-fiskemetoder o.s.v. Men ingen påmelde.

Fiskesommer dagen vår vart som vanlig halde på Nesthus ved Vangsvatnet, godt frammøte av ivrige småtasser med foreldre/besteforeldre. Rundt 50 fisk vart tatt på garn som var sett kvelden før. Laget lånte ut utstyr så mange fekk prøvd seg med slukstang. Må igjen takka grunneigar for att me for halda til på denne flotte plassen.

Lagsbåten har våre flittig i bruk ved Holmavatnet på Vikafjellet.

Ole K. Skorve sitt i klekkeriutvalget for Voss Jfl. Han har gjort ein kjempeinnsats for å prøva og redde klekkeriet si framtid. Slik det er no vil staten att det ikkje skal være drift i klekkeriet, laksen skal klara seg sjølv. Det er etter vårt syn slutten for Vossolaksen. Fleire av lagets medlemmer var med på stamfiske i Vosso/Bolstad i haust.

Leiar fiskeutvalget Geir Johansen.



Årsmelding for styret for Stiftelsen Voss Klekkeri 2022

Styrearbeidet

2022 var det andre året utan produksjon av smolt. Drifta er blitt tilpassa dei oppgåvene klekkeriet framleis skal ha ansvaret for. Stiftelsen har gått frå 2 faste stillingar til ei ½ fast stilling. Dagleg leiar har innretta si arbeidstid etter oppgåvene som no varier mykje gjennom året. Styreleiar har overteke ein del sekretæroppgåver.

Styret har berre vore samla til 2 møte etter generalforsamlinga i 2022. Det meste av styrearbeidet har blitt gjennomført via epost og telefon.

Dei viktigaste sakene styret har arbeidd med i 2022 har vore

- vilkårsrevisjonen for Evanger kraftverk
- arbeid for opp att tating av smoltproduksjonen
- skaffe midlar til ny klekkeribil
- arbeid for å auke inntektene

Årsmelding Ungdomsutvalet 2022

Rapport frå studieleiar frå året 2022

Året 2022 har underteikna og Terje Kvitne arrangert to jegerprøvekurs. Me hadde eit kurs i februar og eit i mars. Me ville flytta kursa til vinteren slik at dei nye jegerane får god tid til å kjøpe våpen og trene før jakta. Totalt var det 49 som tok jegerprøvekurs og av desse var 25% jenter og kvinner. Det er hyggeleg når me veit at på landsbasis er det om lag 10%.

Kursa går over to helger og siste laurdagen er det praktiske øvingar med blant anna skyting. Då er det kjekt at me har trygge og gode standplassleiarar som hjelper oss. Dei hjelper til og passar på, slik at skyteopplevinga vert kjekk for alle.



No var me endeleg ferdig med corona-restriksjonar og me kunne ha kursa tilnærma som normalt. Siste kursdag er tema: Behandling av felt vilt. Då fekk kandidatane flå rype, skjere ut hjarte og brystfiletar og så steikte me det på stormkjøkken.



Me har eit veldig godt samarbeid med Ingmar Slettemark, som er Voss herad sin representant for jegerprøve-eksamen. Han er ein god støttespelar og har ansvar for eksamen.

Mange som tek jegerprøvekurs hjå oss vert medlemar i VJFL. Dei kan då bruke det flotte anlegget vårt på Skjerve til reduserte prisar og bli aktive medlemar. Det er viktig at me brukar tid på dei nye, medlem eller ikkje medlem, og tek dei godt imot. Dette er ein ypparleg måte å rekruttere nye medlemar til laget. Me er eit stort lag og det krev mange aktive medlemar for å drifte alt.

Studieleiar Cato Vivås



Årsmelding 2022, Kvinneutvalet VJFL



Leirdueskyting

Damene har hatt to dagar med leirdueskyting, 21. mai og 27 august.

21. mai var det godt oppmøte, med 17 deltakarar, både nybyrjarar og meir erfarne.

Mange ivrige og glade damer med mange gode treff.

På skytinga i august var det 5 deltakarar med, og god stemning som vanleg.



3. juni arrangerte me leirdueskyting for dei kvinnelege tilsette ved Voss Lennsmannskontor. Her var det òg mykje god skyting og ivrige deltakarar.

25. juni var det skytedag med 6 damer i samband med utdrikningslag.



Turid Soldal, kvinnenontakt

Årsmelding skytebanen 2022

Me har hatt skyting på nokre få lørdager i vinter, litt utfordrande med snøforholda og lite oppmøte gjer at me ikkje har fortsatt med dette. Etter fleire dugnadar på våren starta me opp med skyting 25. april. 100-skudds stemnet i vår måtte avlysast, då haglebane 2 ikkje var klar. Den blei starta opp 9. mai. Dette er ein artig, men krevjande bane.



Elg-cup blei gjennomført i år og, men det er ingen Vossingar som er med. Lagsmesterskap i elgbaneskyting blei gjennomført den 20. august.

Me har hatt 3 stk. jaktfelt konkurransar i år. Dette er veldig moro, då ein får prøvd seg på fleire hald. Lagsmesterskap i jaktfeltskyting blei gjennomført den 19. august.



Rypepokalen gikk av stabelen den 18. august. Vinner av den blei Trond Johansen med 3 napp i pokalen, og fekk den til odel og eige. Rypepokalen går no ut då lagsmesterskap i Compak overtar denne øvinga.



Lagsmesterskap i jegertrap, Compak og elgbaneskyting blei gjennomført den 20. august.

Lagsmesterskap i jegertrap

1. Lagsmester Trond Johansen
2. Kjartan Saue
3. Geir Johansen

Dame: 1. Turid Soldal

Veteran: 1. Geir Johansen



Lagsmesterskap i Compak

1. Lagsmester Trond Johansen
2. Kjartan Saue
3. Halvard Lid

Dame: 1. Turid Soldal



Lagsmesterskap i Elgbaneskyting

1. Morten Hårklau

Dame: Bente Fenne

Veteran: Dagfinn Gjerme



Lagsmesterskap i Jaktfeltskyting

1. Lagsmester Morten Hårklau
2. Trond Gjernes

Veteran: 1. Jan Skorve



100-skudds stevnet i jegertrap (Høst) den 3. september på Skjerve.

Ikkje så mange deltakarar, men fleire av Hordaland sine beste var med. Og det blei ei spennande skyting. Olav Vidar Melstveit hadde ein grei ledelse før siste runde. Men der skaut Kjartan Saue fullt hus, dermed vart det omskyting mellom Olav Vidar og Kjartan. Og etter 6 omskytingar ,35 skudd, var det Kjartan Saue som stod att som stevne vinner. Grattis.

Her er klasse vinnarane: Kl A Olav Vidar Melstveit Øystese 94 treff

Kl B Madelene Knapskog Bergen 65 treff

Kl C Kjartan Saue Voss 94 treff

kl E 1 Trond Johansen Voss 93 treff

kl D1 Henrik Seljebotten Øystese 51 treff

Andre frå Voss: Halvard Lid 85 Finn Dølhen 81 treff





Når det gjeld leing av skytebane er det litt krevjande på fleire områder, som normal drift og på vedlikehaldssida. Ikkje lett å ha personell til ei kvar tid, som og utgjær at me må stenge banen til tider. Neste sesong startar me opp etter påske visst banane er klare. Me kjem til å innføra duekort på haglebanane. Det er satt opp 2 stk. 100-skudds stevner. Elg-cup utgår i år. Landsskyttarstemnet 2023 blir på Bjørke frå 28. juli – 4. august. I haust starta Flage Maskin opp arbeidet med legga ned røyr på øvre banen. Ønsker å takka alle som har deltatt, bidratt gjennom dugnad og støtte til skytebanen. TAKK.



Helsing Skytebaneleiar Jan Christian Jersin

5. Rekneskap frå siste arbeidsår.



VJF rekneskap
konsern 2022.xlsx



VJF balanse konsern
2022.xlsx

6. Val av styret

7. Nye vedtekter frå NJFF



2023_Nye Vedtekter
for Voss Jeger.docx

8. Innkomne saker

9. Årsmøtet avslutta